



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Fylkesagronom Eivind Vartdal Rvste. 71258151

Vår dato

29.08.2003

Dykkar dato

03.06.2003

Vår ref.

2003/8394/EIRY/522.4

Dykkar ref.

Landbruksdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 03.1018	Doknr.: 32
Mottatt: 03 SEPT 2003	MP/SRH
Saksbeh.: LAE	852
	Avskr.:

Høyring - forslag til tiltak under ein ny handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde


Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil understreke at det framleis må jobbast aktivt for å redusere risikoen ved bruk av plantevernmidde. Det gjeld både reduksjon av risiko for arbeidsulykker og risiko for miljøskadar.

Vi vil minne om at ordningar og tiltak må vere godt begrunna, slik at brukarane av plantevernmidde har ei klar oppfatning om nytteverdien av tiltaket. Motivasjonen for å oppfylle krav som ikkje umiddelbart vert oppfatta som risikodempande, er som regel liten. Tiltak som ikkje kan knytast logisk opp mot formålet med handlingsplanen, skal ein vere forsiktig med.

Vi støttar at arbeidet med autorisasjonsordninga for kjøp og sal av plantevernmidde vert ført vidare i si noverande form.

Satsing på auka kunnskap om bruk av plantevernmidde og alternativ til plantevernmidde er positiv. Samtidig bør ein ha gode alternativ på marknaden før sprøytemidde vert forbodne. Næringa bør få tid til omstilling.

Med helsing


Kari Wiggen (e.f.)
Fung. landbruksdirektør


Eivind Vartdal Ryste